

Prosten Nils Dahl frå Uskedalen bad folk byggja i stein.

15.02.2019



Presten Nils Dahl frå Uskedalen fekk bygd 1,5 km mur rundt prestegaden i Eivindvik.

Sokneprest og folkeopplysar Nils Griis Dahl (1778 - 1852) i Eidvindvik oppmoda folk om å byggja i stein. Sjølv fekk han bygd ein 1,5 km lang steinmur rundt prestegarden i Gulen. Nils Dahl kjem frå Uskedalen og er den kjende presten og prosten Henrik Wergeand skriv om i diktet Brød at Steen og Aand av Striiler. Steinbygging var tema på Kvinnherad Senioruniversitet sitt møte i går der journalist og forfattar Eva Røyrane kåserte og synte bilete frå boka Av stein.

Nils Dahl var bror til kapteinen på Nedre Fet, Christin Lerche Dahl, ordførar i Kvinnherad i to periodar. Dei var 12 syskin. To døydde tidleg. Foreldra var Johan Koren Dahl og Else Alstrup. Nils Dahl kom til Eivindvik som res.kap i 1804. Han vart seinare sokneprest og ei tid prost i Ytre Sogn.



[Journalist Eva Røyrane](#) frå Ølve syner stolt fram Nils Dahl sitt minnesmerke i Gulen.

Presten Dahl vart verande i Gulen i 45 år, ordførar og stortingsrepresentant. Han arbeidde for ein betre allmugeskule og folkeopplysning, betre helsestell og eit betre jordbruk. Han bygde opp den falleferdige prestegarden til eit mønsterbruk med gode avlingar og nye driftsformer. Det var her han såg den store steinressursen i bonden sitt landskap og bad om at folk i soknet måtte grava fram og bruka steinen.

Eva Røyrane og fotograf Oddleiv Apneseth er kjend frå bøkene Norges lover og Klyngetunet. Boka Av stein kom i 2017 og dokumenterer steinbygg i område frå Bergen til Sogn. Gråstein var gull verd, vart spadd opp av jorda, henta i ura eller sprengd ut or fjellet. Det vart reist milevis med steingardar, bygd vakre veganlegg og små og store hus.

Vi finn enno vakre hus- og løemurar i Uskedalen. Det same gjeld kistemurar, steingardar og bakkemurar. Muren kring Kapteinsgården er godt synleg. Det same er muren kring det som var hagen på tunet til Tormod Myklebust, no Runar Myklebust. På Skorpo hos Langballe er det store kistemurar. På Myklebust er det enno ei geil i stein, ei fegate der ein førte dyra frå heimetunet til beite i utmarka. Bøgarden er eit anna døme der ein har brukt steinen på plassen i eit byggverk.

Kyrkjegardsmuren var meir synleg før utvidinga av kyrkjegarden. Grunnmuren til kyrkja er også eit meisterverk. Mange kunne handverket. Ein av desse var Pål Musland (Pål Murar). Han er meisteren bak mange grunnmurar i Uskedalen.

Tekst/nett: Kristian Bringedal
Foto: Oddleiv Apneseth